

## **Årsmelding 2020**

### **Fotballgruppa.**

Året 2020 blei, som for alle andre, eit spesielt år for fotballgruppa. Elleve lag var i full gang med trening mot vårsesongen då det blei bråstopp i midten av mars. I løpet av sommaren var dei fleste laga tilbake i normal trening og utover hausten fekk alle lag spele mange kampar kvar. J15 måtte dessverre trekke laget sitt pga for få spelarar etter sommaren, I haust var det ca 110 aktive fotballspelarar fordelt på 10 lag i alderen 7-16 år. Ingen deltaking på cupar i 2020, det sakna vi.

Det blei lagt ned ca 2000 timar med dugnadsarbeid inn i fotballen i 2020. Timar som blei bruka til treningar, kampar, vedlikehald av banen og administrasjonsoppgåver. Anlegget har blitt veldig fint og vi håper det gode samarbeidet med kommunen om grasbanen vil halde fram i 2021.

Frank Bakken, som har vore ein stor ressurs inn i fotballgruppa, ga seg frå leiarvervet på tampen av året. Nytt styre er Katrin Houthuizen, Bjørn Leivik, Jørgen Grundt, Olav Gaastjønn Tveit og Lena Holskar Sanden (leiar).